



Referat frå elevrådsmøte for 5-7, torsdag 20.10.22

Desse møtte: Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Isabel J. Fauske (5B), Nora T. Leikanger (6A), Elias S. Espedal (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Even K. Leikanger (7A), Brage S. Lending (7B), Ariel M. Dåvøy (7B), Marita B. Smelvær (observatør 3A), Emma Oliva D. Helgås (observatør 3B), Simon Å. Solheim (observatør 4A) og Eline Karin Vedvik (observatør 4B), Hilde S. Strandos (elevrådskontakt) og Gunn Marit Haugsbø (rektor).

SAKSLISTE

Sak 1: Caps / hette i timane

Saka har vore drøfta både i klasse- og elevråd tidlegare. Rektor Gunn Marit vart invitert til møte for å høyre argumenta til elevane og for å kunne seie noko om saka. Elevrådsleiar Emily las opp argumenta som har kome fram gjennom klasse- og elevråd tidlegare. Desse kan ein lese i referatet frå elevrådsmøte 27.09.22.

Rektor Gunn Marit synast elevane forklarar seg godt og at det er veldig bra at ein har arbeidd med argument både for og mot. Det syner at ein har tenkt godt gjennom saka. Rektor føreslår at ein kan gjennomføre ein prøveperiode, der ein kan erfare korleis ei slik ordning kan fungere. Rektor gav elevrådet i oppgåve i setje nokre reglar for prøveperioden, men det skal sjølvstøtt vere innafor det som står i ordensreglementet til Sunnfjord kommune om at det ikkje er akseptert å *bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet*.

Elevrådet har kome fram til at prøveperioden varer i veke 43-43 (24. oktober - 18. november) og at fylgjande reglar gjeld i perioden – for at ein skal halde seg innafor rammene av ordensreglementet:

- Sjølv om ein har på seg hette/caps, skal ansiktet vere vendt mot der undervisninga føregår. Dvs. at ein ikkje skal «gøyne» seg ned i armar eller bordet.
- Om ein har på seg hette, skal den vere open. Det betyr at ein t.d. ikkje skal «snurpe» att hetta med snorer.
- Om ein har på seg caps skal bremmen vere oppe og ikkje dratt ned framfor ansiktet slik at ein ikkje ser det. Ein kan også ha capsen bak-fram.
- Dersom ansiktet på noko vis blir tildekt av hette/caps, kan lærar be om at ein tek den av. Då skal ein rette seg etter den beskjeden.

Sak 2: Skulemjølkordninga – orienteringssak

Det har tidlegare blitt bestemt at skulemjølkordninga ved Naustdal skule berre har tilbod om vanleg mjølk, men med laktosefritt alternativ. Denne avgjerda har også vore innoft FAU (foreldra). Dette handlar både om driftinga av ordninga, men også om kosthald og gode vanar. Elevane på 5-7 har tilbod om elevkantine ein dag i veka og her har ein andre tilbod. Gjennom denne ordninga kan ein kjøpe mellom anna sjokolademjøl og juice. Skulemjølkordninga vil difor halde fram slik den er i dag.

Sak 3: Tilbakemelding frå vaktmeister Johan – orienteringssak

Etter elevrådsmøte 9. september, vart det sendt fleire spørsmål/oppdrag til vaktmeister Johan. Dette er tilbakemeldingane så langt:

- Temperatur på vatnet i dusjane i garderobane: Johan har forsøkt å stille på temperaturen. Det er eit ømfintleg system, så det kan vere litt vanskeleg å få det godt til. Han ventar også på



Naustdal skule

ein del som han skal skifte. Då kan det ta litt tid før ein finn heilt riktig temperatur. Johan ynskjer at elevane skal gje tilbakemelding på korleis dei opplev temperaturen no, så skal han prøve å stille på den så godt han kan.

- «Kran» under vaskar i garderooben som elevar skrur på: Det er mogleg å ta den vekk, men det er veldig dumt dersom det plutselig oppstår ein lekkasje. Johan ynskjer difor ikkje å gjere noko med dette i første omgang, om oppmodar elevane sterkt om å la vere kranene under vasken.
- Endringar i gardedobe 5-6: Det eine skapet er allereie snudd. Det kan vere mogleg å setje opp nokre plater på baksida av nokre av skapa, slik at ein kan få hengt knaggar på dei. Johan skal undersøke pris m.m. på ny vask, slik at det er plass til fleire blandebatteri og dermed betre moglegheiter for å vaske hendene.
- Trampolinene: det er bestilt to nye «dukar». Den eine av trampolinene er mest slitt og vil bli skifta først. Johan skal gjere dette når utstyret kjem til skulen.
- Vinglepultar: desse skal vere i orden.
- Lyset på doane: Johan har forsøkt å stille lysa lenger, men der er kanskje ein styring som ikkje fungerer slik den skal. Johan ynskjer tilbakemelding på om ein har merka noko endring på kor lenge lysa varer. Viss ikkje vil han undersøke nærare med teknisk/bygg for å få bestilt ny styring til lysa.

Sak 4: Klasseballar

Det har tidlegare kome inn ynskje om at skulen kjøper inn fleire ballar slik at alle klassar har sine egne klasseballar. Dette fordi ein opplev at det kan bli ueinigheiter rundt kven som «eig» dei ulike ballane. Elevrådet ynskjer å sende ein søknad til rektor om innkjøp av fleire ballar. Klassane skulle i forkant av møte drøfte *korleis* vi skal ta vare på ballane vi får. Vi opplev år etter år at dei forsvinn. Difor må vi ha ein god plan på korleis vi skal ta vare på ballane før vi sender ein søknad til rektor. Under kan ein sjå innspela frå klassen:

| | |
|----|---|
| 5A | <i>Har ikkje drøfta saka i klassen.</i> |
| 5B | <ul style="list-style-type: none"> • Leike med den, ikkje berre halde den. • Ha ein fast plass i klasseromma. • Den som tek den med ut, må også ta den med inn. • Skrive kull (årstal) på ballane. • Ser ein nokon som tek ballen til sitt trinn, må ein seie frå til vaksne. • Ser du ein ball som ligg att ute, ta den med inn. |
| 6A | <ul style="list-style-type: none"> • Skrive kull (årstal) på ballane + A/B. + Skuleball (slik at det ikkje blir blanda med idrett på ettermiddagane). • Viktig at det står med stor skrift. • Personen som tek med ut, må også ta med inn. |
| 6B | <ul style="list-style-type: none"> • Merke ballane godt. • Det kan vere ulike fargar på ballane, så er det lettare å vite. • Ha ein kasse i kvart klasserom til uteting. |
| 7A | <ul style="list-style-type: none"> • Ikkje ta andre sine klasseballar. • Setje opp ei liste over kven som har ansvar for ballen. • Kunne gjerne fått softballar også – ulik ballbruk. |
| 7B | <i>Har ikkje drøfta saka i klassen.</i> |

Hilde skal saman med styret i elevrådet (Emily, Kristoffer og Nora) skrive ein søknad til rektor om innkjøp av klasseballar, med utgangspunkt i dei innspela som er kome frå klassane. Styret vil orientere elevrådet etter kvart som søknaden er sendt og ein har fått respons frå rektor på den.



Sak 5: Saker frå klassane

I dette møte hadde vi dessverre ikkje nok tid til å ta inn saker frå klassane. Vi vil sjølvstegt prioritere dette på innkallinga til neste elevrådsmøte.

Nora Taule Leikanger
Referent

Emily Jensen Fauske
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7